

---

Erling Berge

**"REINVENTING THE COMMONS" I BODØ**  
**Den femte internasjonale konferansen til The International Association for the Study of Common Property (IASCP),**  
**24.-28 mai 1995**

Den 24 mai møttest 340 deltagarar frå 54 land i Bodø til den 5 verds-konferansen for "The International Association for the Study of Common Property".

Hovedtema for konferansen var korleis institusjonelle ordningar som eigedomsrettssystem av typen individuell (privat) eige, felleseige eller statleg eige, påverkar ressursbruken. Hovedhypotesen er at graden av bærekraft i bruken av ein ressurs vert fastlagt gjennom dei institusjonelle ordningane som brukarane må arbeide innanfor.

**"Reinventing the Commons"**

Programkomiteen valde "Reinventing the Commons" - Gjenoppfinning av almenningen - som tema. Gjennom all kjent historie har almenningar funnest som ein integrert del av ressursforvaltninga i lokalsamfunn rund om i verda.. Med framveksten til den moderne staten og den kapitalistiske økonomien fann lokalsamfunn som forvalta ressursar som almenningar seg i ein utsett posisjon. Sakte men sikkert tapte dei kampen mot dei som arbeidde for statleg eige eller individuell eige av ressursane. Den etablerte tradisjonsbaserte kunnskapen som var innbakt i almenningsinstitusjonane hadde ikkje ei form som gjorde den lett skjøneleg for byråkratar sjølv i dei høve byråkratane var villig til å vurdere almenningsinstitusjonen på sjølvstendig grunnlag. Og ikkje sjeldan var almenningsinstitusjonane forma slik at dei hadde vanskar med å tilpasse seg endringar i omverda. For å overleve må den praktiske kunnskapen om almenningen sine gode sider reformulerast i vitskapens analytiske språk.

Dette poenget kan illustrerast ved ei nyleg lovendring gjort i Norge. Den tankelause forvitringa av gamle institusjonar er ingen spart for. I 1992 sletta Stortinget ein meir enn 800 år gammal lovparagraf i lova om almenningar. Dei sletta da den eldste og mest fundamentale paragrafen i almenningslova (og kanskje den eldste paragrafen med ubroten eksistens i heile lovverket vårt?). Ein del av kulturarven vår gjekk tapt. Vi bør bøye hovuda våre sorg over det.

Men endringa har vidare implikasjonar enn som tapt kulturminne. Ser vi på ordlyden i paragrafen som har stått uendra frå den først vart nedskrivne omkring år 1100 i Frostatingslova, gjennom Magnus Lagabøter si lovtekst frå 1274, Christian IV's lovtekst frå 1604, Christian V's lov frå 1687 og alle dei mange endringane i almenningslova fra 1687 fram til 1992, synest den ikkje så bemerkelsesverdig. Paragrafen seier berre "Almenningane skal vere som dei

---

har vore frå gammalt av". I 1992 fann Stortinget at tida var inne for å slette denne paragrafen. Ingen av dei som sit med rettar i almenningane protesterte. Kvifor var det i 1992 trøng for å slette ein paragraf som hadde gjort teneste i meir enn 800 år?

Når vi skjørnar kvifor Stortinget fann det "naturleg" å fjerne denne paragrafen skjørnar vi og kvifor det i 1995 er nødvendig å gjenoppfinne almenningen.

Det er mi tru at lovmakarane i dag har vanskeleg for å skjøne kva meinings som ligg innbakt i denne enkle paragrafen. Ved første lesing synest den tyde på at den skal verne almenningane mot endring. Men at "almenningane skal vere som dei har vore frå gammalt av" tyder ikkje at almenningane har stått uendra i 800 år. Og lovendringa tyder heller ikkje at no vil regjeringa skaffe seg rom for å endre på dei. Almenningane i Norge har sett minst like mye endring som resten av dei norske institusjonane for ressursforvaltning. Og om ein skulle driste seg til å spå om framtida må det vere at lovendringa vil innleie ein periode med mindre endring enn før.

Kvifor er så denne paragrafen så viktig? Eg trur denne paragrafen går til kjernen av relasjonen mellom folk og statsmakt. Betydninga av paragrafen ligg i at den fortel folket at Kongen vil verne rettane deira i almenningen. Rettane deira vil forbli slik folk trur dei alltid har vore. Paragrafen står opp under trua på rettsstaten. Den forsikrar folk om at når dei kjenner rettane sine krenka vil Kongen sjå til at dei får rettane sin attende - slik folk meiner dei har vore frå gammalt av.

Derfor trur eg at slettinga av denne paragrafen er meir enn eit kulturhistorisk tap. At paragrafen kunne slettast utan motforestillingar tydar på at å bygge opp tillit til rettsstaten ikkje er eit viktig tema i dagens lovgjeving. Borgarane sin tillit til rettsstaten vert teken for gitt. At tillit og bærekraftig ressursbruk er skjøre konstruksjonar synest ikkje vere erkjent.

Den lettvinne slettinga av den eldste paragrafen i almenningslova kan derfor stå som ein illustrasjon av kor viktig det er å finne opp på nytt ikkje berre almenningen, men også rettsstaten. Ein konklusjon som synest vekse fram av dei mange og varierte arbeida til medlemmene i IASCP er at rettsstaten er svært viktig som føresetnad for bærekraftig bruk av ressursar og dermed også for livsvilkåra for dei menneskja som har utkommet sitt frå desse ressursane.

Det kan i amnge samanhengar vere interessant å ta som arbeidshypotese at nasjonane sin rikdom i større grad er fundert på rettsstaten enn på fri konkurranse mellom økonomiske aktørar. Ein kan til og med seie at fri konkurranse mellom økonomiske aktørar føreset rettsstaten. Aktørane kan vere frie berre i den meinинг rettsstaten gir alle borgarar fridom innan lovans grenser.

---

I vår samanheng tyder det å "finne opp almenningen på nytt" den vitskapelege granskings og leitinga etter ei djupare forståing av korleis og kvifor almennings-institusjonar kan forvalte ressursar rettferdig og bærekraftig i ei omskiftleg verd og på ein måte som gjer ressursane til eit gode for dei lokalsamfunn som er avhengig av dei for å overleve. Denne gjenoppfinninga er no komen langt innan forskarsamfunnet og IASCP er i forskningsfronten

### **IASCP og verdskonferansane deira.**

IASCP vart etablert i 1989 med stønad frå Ford Foundation og "National Academy of Science" i USA, og har vokse raskt slik at foreninga i dag omfattar eit nettverk på omlag 4.500 vitskapsmenn/ kvinner og ressursforvaltarar i alle fem verdsdelane. I 1993 tok foreninga over ansvaret for publiseringa av "The Common Property Resources Digest" som vert publisert i samarbeid School of Forestry & Environmental Studies, Yale University. "The Common Property Resources Digest" voks, med stønad frå Ford Foundation, fram som eit kontaktorgan for eit tverrfagleg forskarnettverk oppteke av dei samme problema som medlemmene i IASCP og fungerte frå starten som eit kontaktorgan for foreninga.

Føremålet for IASCP er å auke kunnskapen om og betre forvalningsinstitusjonane for naturressursar som er (eller kunne vore) eigd og brukt i fellesskap av lokalsamfunn i utviklingsland så vel som i utvikla land. Måla for IASCP er å stimulere til utveksling av kunnskap på tvers av disiplingrenser, mellom ulike område i verda og mellom ulike typar av ressursar. Måla er også å fostre gjensidig utveksling av kunnskap og praktisk innsikt og å arbeide for høvelege institusjonelle former.

Sidan ressursar som vert brukt i fellesskap (utanom luft og hav) finst mest i utviklingsland, vil hovedtyngda av den internasjonale forskninga foregå i utviklingsland og resultata av forskninga vil internasjonalt ha stor interesse for problema omkring ressursforvaltning i U-land. Men sidan både fiskeri i havet og beiteressursen som reinen gjer seg nytte er felleseigedom, vil dei måla IASCP har sett seg ha stor substansiell interesse for dei nordiske landa.

Dette har ført til at relativt mange nordiske forskrarar og forvaltarar har delteke aktivt i foreninga samtidig som også den nasjonale aktiviteten er aukande. Ein viktig grunn til at det var vi i Norge som vart spurt om å arrangere konferansen i Europa er at Norge ved inngangen til 90-åra kanskje hadde Europas breiaste forskningsmiljø på dette temaet. Eit seminar (støtta av NFR) om "Lovgjeving og forvaltninga av ikkje-private ressursar" som vart arrangert i Lofoten 16.-21. februar 1993, vekte positiv interesse i det internasjonale miljøet og bidro også til den konkrete forespørselet.

Årlege verdskonferansar er eit viktig element i IASCP sitt arbeid for å utveksle nye forskningsresultat og aktuell felterfaring, og for å formidle desse til avgjerdstakrar og allmenta. Den første konferansen vart halden i North

---

Carolina i 1990, den andre i Winnipeg i 1991. Denne tok særleg for seg ressursspørsmål i nordområda. Den tredje verdskonferansen vart halden i 1992 i Washington DC og hadde særleg deltaking frå fagfolk i multilaterale organisasjonar (Verdsbanken, FN systemet m.fl.). I 1993 vart verdskonferansen halden i Manila. Den planlagte konferansen i 1994 vart avlyst.

### **Verdkonferansen i 1995 i Norge.**

Forvaltning av ressursar i utviklingsland har heile tida vore eit hovudtema ved konferansane og var det også i 1995. Gjennom løyvingar frå utanriksdepartementet i Danmark, Swedish Agency for Research Cooperation with Developing Countries og NORAD kunne 45 forskrarar frå den tredje verda inviterast til konferansen. 40 av desse møtte fram.

Plasseringa av konferansen i Europa og i Norge ga imidlertid også høve til å ta opp spørsmål som tidlegare har vore lite fokusert og som vi meiner har stor substansiell interesse, ikkje berre for Norden, men og for utviklingsland. Gjennom samanliknande studiar av forvaltningsinstitusjonar trur vi det går an å lære av kvarandre. Dei erfaringane som ulike europeiske land har gjort med forvaltning av fellesressursar kan komme til nytte i utviklingsland og dei problem utviklingslanda har med å finne levedyktige forvaltningsinstitusjonar kan vere verdt å studere for dei som skal lage nye forvaltningsinstitusjonar i dei nye nasjonane i aust-Europa.

Gjennom ei løyving frå Norges Forskningsråd kunne vi inviterte 8 deltakarar frå 5 land i aust-Europa. I tillegg inviterte vi til arbeidsgrupper på ressursar i nord-områda og på skog- og utmarkssalmenningar i Europa

Allt i allt vart det arrangert 66 sesjonar med 220 presentasjonar av paper/poster. Også 2 filmar sto på programmet. Det vart arrangert ekskursjonar til Røst og Beiarn med 5 foredrag om ressursbruken i områda. Gjennom 5 plenarsamlingar med 8 plenarforedrag vart det teke opp tema som norsk ressurspolitikk i nordområda, økonomisk teori om almenningar og økonomisk utvikling, Robert McC. Netting sitt bidrag til forskning om almenningar<sup>1</sup>, biodiversitet, og urbefolkningane og retten til "vår felles framtid".

Den 28 mai reiste deltakarane heimover, slitne men stort sett nøgde om vi skal tru tilbakemeldingane. For den som er nysjerrig på meir om kva som skjedde så finst det sjølv sagt meir detaljar om programmet og deltakarane på WWW: <<http://www.hibo.no/asf/IASCP>>

Vel møtt til neste møte i foreninga. Det skal haldast i California 5-9 juni 1995.

---

1) Robert McC. Netting var president for IASCP 1991-92. Han døde 4 februar 1995.

---

<sup>1</sup> Robert McC. Netting var president for IASCP 1991-92. Han døde 4 februar 1995.